



Sakshandsamar:
Ole Gunnar Krakhellen
Tlf: 57 62 96 15
Mobil: 926 48 081
Vår ref.
19/2514-1
Arkiv

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Dykkar ref.

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dato
15.05.2019

Sogndal tannklinikk - ny lokalisering

Syner til møte i dag 15.05.19 mellom Sogndal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, der auka arealbehov for Sogndal tannklinikk og etablering av team for handtering av vald og traume for barn og unge var tema.

Sogndal kommune ser positivt på ei satsing på Sogndal tannklinikk, og ikkje minst etableringa av eit tilbod til ei utsett gruppe. Vi forstår at Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer ei avklaring om Sogndal kommune har ledige og aktuelle lokale. I ei tid med kommunesamanslåing og endra behov for kommunen, har vi ikkje aktuelle tilbod på kort sikt.

I møtet kom det spørsmål om kommunen sitt syn på ei fylkeskommunal utbygging til Sogndal tannklinikk i tilknyting til Sogndal vidaregåande skule.

I områdeplan for campus er det meste av fylkeskommunalt eigd areal avsett til tenesteyting, og ein tannklinikk vil vere innanfor dette føremålet. Eit slikt tenestetilbod kunne også vere aktuelt å ha i sentrum, men med målgruppa som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta (barn/unge og eldre), så er det tenleg med ei lokalisering tett på delar av målgruppa. Vi forstår at samlokalisering med vidaregåande skule er noko ein har gode erfaringar med, og som ein legg til rette for t.d. i Førde. Både Trudvang skule og Kvåle skule vil vere i nærleiken til klinikken, og det er eit etablert busstilbod i området.

Administrativt ser Sogndal kommune difor positivt på ei løysing der Sogndal tannklinikk vert etablert i fylkeskommunalt eigde lokale i tilknyting til Sogndal vidaregåande skule. Dette vil gje framtidsretta lokale til tenesta, og ei føreseielegheit for den offentlege tannhelsetenesta sitt framtidige tilstadevere i Sogndal.

Sogndal kommune vil sjå det som positivt viss de tek kontakt med Sogndal kommune v/plan og næring for ein førehandskonferanse om plassering av tiltaket.

Med helsing

Ole Gunnar Krakhellen
rådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Kopi til: